

— 48 —

So tok han hjelm og ringebrynja,
som han likad best:
da er so seint til sveinom taka,
han sadlar seg sjølv ut hest.

Og da var Galiter riddarsonen,
han sprette um gjordi traust:
„Kvendi skal inkje læja at meg
fyr sadlen skal slengja laus.“

(Sophus Bugge i „Folke“ 1859.)

Or »Eit Innstigg.

Inn i Stovo var allting vel i Stell, og da synte kerkje
Mannlöysa elter Konclöysa paa Husbunaden; reint og væl-
flitt var da i kvar ei Kraa, og kvart eit Kerald var so fint
gjort, som da var rent av Malm; fyre i dei Bygderna gera
dei mest all sin Bunnad sjölve og leiga inkje Handverksfolk;
og difyre er da, som dei seija, at da syner paa Kerald i kva
Karen er, og paa Klædi kva Keringi er.

(Ivar Aasen, 1853.)

Or »Heimsyn«.

Det er syrgjelegt aa vita, at Verdi, med alt sitt
Skroyt av Framstig og Uppstig, skal endaa ikkje vera komi
so langt, at alle Kvismaal imillom Rikjom kunde vera av-
gjorde med Lempa utan nokot Herverk og Mannspille. Men
det er no det gamle Mein ved Mannætti, at der jamt ein-
kvarstad er Folk, som hava Høg til Ufred, og at mektuge
Folk vilja alltid visa si Magt og aldri tola nokon Moiburd
av sine Gramor. Og so kann det ymist henda, at eit fred-
samt Folk verd innføkt i ein Strid imillom andre Rike, so
at det mot sin Vilje maa fylgja med og hjelpa den eine
Parten imot den andre.

(Ivar Aasen, 1875.)